
Liti Kjersti

- 1) Liti Kjersti ho var seg så lite eit viv,
Brun folen løyper lett,
ho kunne kje råde sitt unge liv.
Med det regner og det blæs.
For langt nord i fjello,
djupt under hello
der leikar det.
- 2) Bergekongen kom seg ridand i gård,
Pål gullsmed ute fyr honom står.!
- 3) Velkomen, bergekongjen, heim til min,
no hev eg bryggja og blanda vin.
- 4) Eg er ikkje om anten brygg hell bland,
eg er meir om liti Kjersti, det lilje
- 5) Liti Kjersti ho er berre bånnet endå,
ho kan inkje vera si moder ifrå.vand.
- 6) Liti Kjersti ho seg inn om dynni steig,
bergekongjen totte at soli skein.
- 7) Bergjekongen klappa på høyendi blå:
Kom her, liti Kjersti, og set deg på!
- 8) Eg vil inkje sitja, eg kan vel stå,
sei meg ditt ærend, så vil eg gå!
- 9) Å kjære mi dotter, du tala kje så,
det er no den festarmann du skal få.
- 10) Her er no så mang ein kristen mann,
du tar meg kje gjeva eit troll uti hand.
- 11) Og må eg deg inkje med godom få,
så vil eg lata elden gjennom farsgarden gå.
- 12) Fyrr elden skal gjennom farsgarden gå,
fyrr lyt du no meg med godom få.
- 13) Bergekongjen ha seg ein gangare spak,
han sette liti Kjersti opp på hans bak.
- 14) Så rei dei seg gjennom djupe dal.
liti Kjersti ho gret og bergekongjen kvad.
- 15) Så rei dei bergjet tri gonger ikring,
og bergjet det opnast og dei kom derinn.
- 16) Dei sette liti Kjersti på sylvar stol,
dei gav henne drikke av sylvarskål.
- 17) Den fyrste drikken liti Kjersti ho drakk,
dei kristne londo ho endå gat.
- 18) Hore er du fødd og hore er du boren?
og hore er dine jomfruklede skoren?
- 19) I Noreg er eg fødd, og der er eg boren,
og der er mine jomfruklede skoren.
- 20) Den are drykken liti Kjersti ho drakk,
dei kristne londo ho endå gat.
- 21) Dei gav henne drikke av raude gullhonn,
dei slepte der nedi tri villarkonn.
- 22) Den tre'a drykkjen liti Kjersti ho drakk,
dei kristne londo ho alli meir gat.
- 23) Hore er du fødd og hore er du boren,
og hore er dine jomfruklede skoren?
- 24) I bergjet er eg fødd og der er eg boren,
og der er mine jomfruklede skoren.
- 25) I bergjet vil eg leva og der vil eg døy,
og der er eg kongjens festarmøy.

Forklaringer:

Dansemåte: Dansemåten er laga av Klara Semb og vart først trykt i 1922.